

Mål- og handlingsplan for økonomikontoret i Meland 2016 – 2019

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2014-2025 er basert kommunen sin visjon om at Meland kommune skal vere «Eit samfunn for alle», og at vi skal strekkje oss etter å vere ein kommune der innbyggjarane kjenner seg trygge, tek ansvar for eiga helse og for utviklinga av lokalsamfunnet. Visjonen skal vere eit berande element i arbeidet med å utvikle kommunen. Den representerer ei forplikting ved at den ber bod om at alle skal ha høve til eit godt liv i Meland kommune. Visjonen vert tydeleggjort gjennom følgjande verdiar og overordna mål:

Våre verdiar:

- Livskvalitet i Meland
- Bærekraft i Meland
- Næring i vekst
- Aktiv i Meland

Overordna mål:

- Vi skal medverke til og oppleve god livskvalitet
- Vi skal ha ei bærekraftig utvikling
- Vi skal vere ein av dei mest attraktive næringskommunane i Hordaland
- Vi skal tenke folkehelse i alt vi gjer

Kommuneplanen har så ei rad målformuleringar og retningsvala (kva gjer vi) for dei ulike tenestene som kommunen skal levere. Vi legg desse til grunn for grunnskulen i Meland sine målsettingar, strategiar og tiltak som skal vere styrande for den daglege drifta og for vidareutvikling i den kommande 4-årige økonomiplanperioden, og med særleg vekt på aktivitetar og tiltak i første budsjettåret i denne perioden.

For økonomikontoret eller økonomiforvaltninga generelt er det ingen spesifikke målformuleringar i kommuneplanen.

Økonomikontoret sin handlingsplan vil difor måtte baserast på meir operative målsetjingar for å forbetre økonomistyringa og kvaliteten på økonomifunksjonen.

| Kommuneplan 2014-2025 | Mål og strategi 2016-2019 for økonomikontoret | | | |
|--------------------------|---|---|---|-------------------------------|
| - Kva gjer vi - | Mål - 4 årsperiode | Strategi – korleis nå måla | Tiltak – for å nå måla | Frist |
| | Sikre ein god og stabil rekneskaps- og lønsfunksjon | Søke samarbeid med nabokommunane og arbeide for eit felles løns- og rekneskapskontor med dei næraste nabokommunane. | <p>Utvikle felles rutinar innan rapportering, rekneskapsføring og lønsarbeidet i dei aktuelle kommunane, slik at eit felles kontor kan fungere effektivt.</p> <p>Ta i bruk nye og effektiviserande verktøy og systemløyningar som er tilgjengelege frå dagens leverandørar.</p> | <p>12-2017</p> <p>06-2017</p> |
| | Sikre god finansforvaltning med gode strategiar for både plassering av ledig likviditet og låneforvaltning. | God risikostyring i finansforvaltninga kombinert med marknadsmessig korrekt rentenivå | Avsette meir ressursar til finansforvaltninga, og drive meir aktiv forvaltning. | 12-2016 |
| | Rutinar for økonomisk internkontroll på nivå med dei beste kommunane i landet. | Utvikle rutinar for heile den kommunale organisasjonen. | Utvikle rutinar, innføre nye system og løyningar, og drive internopplæring. | 06-2017 |
| | Utvikle innkjøpsområdet | Auke ressursbruken innan innkjøpsområdet, utvikle samarbeidet med nabokommunane og utvide bruken av eigne innkjøpsavtalar | Auke ressursbruk og kompetanse på innkjøpsområdet. | 12-2017 |